

# Årsmelding 2019

## Sidan siste årsmøte, 12. februar 2019, har styret vore samansett slik:

Solveig Lima	leiar (skulemålsansvarleg)
Ronny Rognhaugen	nestleiar (heimesideansvarleg)
Tobbi Kvaale	styremedlem(leiar av stipendnemnda)
Ernst Håkon Jahr	styremedlem (medlem i stipendnemnda)
Sylfest Lomheim	styremedlem

Dagleg leiar: Borghild Løver, skrivar (og varamedlem til styret for Gyldenløves gt.11 Eigedom AS)  
Inn-og utbetalingar til laget har Solveig Lima har hatt ansvar for, og John Seland har skrivere rekneskapen. Varafolk valde for eitt år:

1. Kjellaug Kvalsvik
2. Gyro Nesland

Utsendingar til årsmøtet i Vest-Agder Mållag laurdag 16. mars på Evje:

Dag Olav Hagen, Ronny Rognhaugen, Tobbi Kvaale, Gyro Nesland, Maria Viken og Solveig Lima.

Hautseminaret på Ose laurdag 16. november: Ronny Rognhaugen, som var innleiar til nytt prinsippprogram for Noregs Mållag. Solveig Lima var vanleg deltakar.

Styret i Mållaget utgjer saman med styret i BUL generalforsamlinga i Gyld. gt.11 Eigedom AS. (Frå 01.01.2014)

## Mållagsaktivitet

Det har vore 9 **styremøte** med til saman 55 saker. Laget har hatt 8 lagsmøte (inkl. årsmøtet 12. februar) og samarbeidd med domkyrkja om ei nynorsk gudsteneste. Leiv Storesletten er kontakt for samarbeid med domkyrkja. Dessutan har det vore seks litteratur/lyrikkveldar.

Frammøtet på **lagsmøta** har variert frå 20 til 70-80 personar, men mykje færre på lyrikkveldane: Frå tre til ti.

- 15. jan.: Professor Ruth Vatvedt Fjeld: «*Norsk banneordbok*» (Over 65 frammøtte, mange elevar)
- 12. febr.: Årsmøte. Leiv Storesletten las dikt. (18 frammøtte)
- 19. mars: Forfattar Arnhild Skre: «*Kald krigs kviskring. Barndom under den kalde krigen*» (16 frammøtte)
- 7. mai: Professor Jan Inge Sørbo: «Norsk litteraturhistorie» (21 frammøtte)
- Sundag 28. mai: Nynorsk gudsteneste ved forstandar Idar Magne Holme. Kyrkjekaffi med mange gode heimebakte kaker i Mållagssalen (Over 60 frammøtte der).
- 17. sept.: Ronny Rognhaugen heldt føredraget: «*Einstein og lidenskapane – eit utruleg liv i ei uroleg tid*». Fiolinspel ved Astrid Hulda Johannessen (16 frammøtte)
- 15. okt.: Professor Michael Schulte med føredraget: «*Runer i Agder gjennom tid - frå Hogganvik til Havstad*» (20 frammøtte).
- 19. nov.: Forfattar Tore Kvæven: «*Liv og daude i det norrøne Grønland*» (Over 30 frammøtte).
- 10. des.: Jolemøte: Kåseri ved Gudlaug Nedrelid: «*Joleskikkar, jolesongar og -salmar*» Lasse Stray spelte til songane ved bordet og gangen rundt joletreet (25 frammøtte)

**Lyrikkkveldane** er alltid fyrste tysdagen i månaden. Det har vore tre lyrikkveldar i vårhalvåret: 5. febr., 5. mars og 2. april, og tre i hausthalvåret: 3. sept., 1. okt. og 5. nov. Maria Viken og Leiv Storesletten har heile tida kome med interessante bidrag og fortalt litt om dikta dei les. 3. september las Ernst Håkon Jahr eigne dikt frå Kreta, og viste foto frå staden. 5. mars var to frå styret i Studentmållaget med på samlinga. 1. oktober var me berre tre personar, men det var i haustferien.

**Møte med redaksjonen i Fedrelandsvennen 7. februar.** Møtet vart halden i dei nye lokala på Torget i Kristiansand med Eivind Ljøstad, ansvarleg redaktør og Helene Abusdal, leiar Fvn Event. Frå Mållaget i Kristiansand stilte Tobbi Kvaale, Solveig Lima og Ronny Rognhaugen. I tillegg stilte Borghild Løver for Mållaga på Agder.

Tobbi hadde sendt invitasjon til alle redaksjonane på Agder, men ingen av dei fann tid til å møte. For NLA Mediehøgskolen Gimlekollen kom Terje Skjerdal. Øystein Skjæveland tilknytta Noregs Mållag, stilte som rådgjevar og held hovudinnlegget. Han tok utgangspunkt i heftet sitt «Språket i redaksjonen,

ei verktøykasse for meir og betre journalistikk på nynorsk» Tobbi har i ettertid kontakta Avissenteret i Førde for å høyre om dei har nynorskjournalistar frå Agder/eller andre stader som vil jobbe i avis her på Sørlandet. Ingen i 2019, men dei skulle ta inn nytt kull i 2020. Fvn tok gjerne imot tips om aktuelle skribentar.

**Nynorske barnebøker** er også dette året kjøpt inn til Mållaget. I 2019 var det tre skular som nytta seg av å låne 100-150 nynorske bøker i samband med leseprosjekt: 7. trinn på Hånes og Skarpenland og 5. trinn på Lovisenlund. Solveig Lima presenterte eit utval av bøkene for klassane, og dei las nynorsk i om lag tre veker.

Frå 2012 har Bergtorasvei barnehage halde fram med å låne om lag 20 nynorske biletbøker kvart halvår. I 2019 fekk dei ti av bøkene i gåve. På Roligheden gård barnehage var Gyro Nesland og Solveig Lima på besøk i oktober og las for grupper på 5-6 born i alderen 3-5 år. I mars var det opplesing for treåringar. Eplehagen barnehage v/Åslaug Kvaale fekk i november ein bokpakke på 5 bøker.

**Samarbeid med Domkyrkja:** Frå 2010 har Mållaget samarbeidd med Domkyrkja om ei nynorsk gudsteneste med kyrkjekaffi i Mållagssalen etterpå. Leiv Storesletten har sidan 2011 hatt god kontakt med sokneprest Aud Sunde Smemo som er svært positiv til samarbeidet.

**Kransnedlegging** ved Jørgen Løvlands byste i Wergelandsparken 17. mai har etter jubiléet i 2005 vorte ein tradisjon. Bjug Åkre frå styret i Mållaget heldt talen i 2012 og tok ansvar for å melde frå til 17. mai-komitéen. Kransnedlegginga har kvart år etterpå vore med i 17. mai- programmet. I 2019 heldt Ronny Rognhaugen tale og la ned krans.

**Heimeside:** Ronny Rognhaugen har hatt ansvar for heimesida til Mållaget i 2019, og han har gjort eit svært godt arbeid ved at han har skrive om mange målsaker, ikkje berre referat frå lagsmøta.  
Heimeside: [www.maalkrs.no](http://www.maalkrs.no)

**Heidersmedlemmer** i laget er Maria Viken, Anne Lise Stensland, Olav Molland og Anne Austad.

**Verv:** Medlemmer i laget som har hatt verv på fylkes- eller landsplan i året som har gått:  
Styremedlem i Vest-Agder Mållag: Øyvind Grov og Ronny Rognhaugen. Varamedlem til styret i Vest-Agder Mållag: Solveig Lima. Medlem i næringslivsprisjuryen for Mållaga på Agder: Anne Tone Hageland.

#### **Deltaking på seminar arrangert av Noregs Mållag:**

26.-27. januar. Vinterseminar på Lillehammer. Ronny Rognhaugen deltok.

31.august. Møte for nye lokallagsleiarar i Oslo: Ronny Rognhaugen deltok.

29. september. Haustseminar om prinsippprogrammet i Oslo: Ronny Rognhaugen deltok. Det nye prinsippprogrammet skal godkjennast på landsmøtet i Noregs Mållag 24.-26. april 2020. Førre prinsippprogram er frå 1997.

**Haustseminaret til Mållaga på Agder** var i Storstoga på Ose laurdag 16. november. Ronny Rognhaugen opna seminarøkta med innleiing om prinsippprogrammet. Martin Skjekkeland tok føre seg grammatikken i Vallemålet og Andrea Maini snakka om «Koss hadde det vore utan nynorsk?» (Kontrafaktisk historieformidling)

Frå Mållaget i Kristiansand møtte også Solveig Lima.

#### **Løyvingar, stønader:**

I desember 2019 vart det utbetalt kr 220 000 til organisasjonsatsinga på Agder.

Dessutan er det i 2019 løyvd 1000 kr til Vener av Dag og Tid. Abonnement på Norsk Barneblad vart gjeven til alle 5. klassingane ved Strømme og Hånes skular, i alt 100 blad.

I tillegg har laget betalt årsabonnement på Dag og Tid for to vidaregåande skular: Lister, avd. Lyngdal og Tangen vgs, og for NLA Mediehøgskolen Gimlekollen. På grunn av økonomien, vart abonnementet ved Lister sagt opp i september 2019.

### **Journaliststipend.**

Grunna økonomien, vart det heller ikkje lyst ut nytt journaliststipend, men Kristina Opheim frå Bergen, bachelorutdanning i journalistikk ved Universitetet i Bergen og Karl Almedal frå Ulsteinvik, bachelorutdanning i journalistikk ved Mediehøgskulen Gimlekollen fekk sjølvsgatt utbetalt kr 5000 kvar for vårhalvåret 2019. Det same gjeld Malin Nordby Kvamme frå Ørsta, student ved Universitetet i Bergen. Ho hadde søkt om forlenga stipendperiode og fekk utbetalt kr 5000 for vårhalvåret 2019. Komitéen har sidan årsmøtet 2019 vore samansett av Tobbi Kvaale og Ernst Håkon Jahr frå styret, Karoline Riise Kristiansen frå Nynorsk Pressekontor og Kjetil Reite frå Fedrelandsvennen. Styret sende i september brev til NM med ei oppmoding om at det bør vere ei nasjonal oppgåve å gi støtte til journaliststudentar som skriv nynorsk.

**Twitternoveller.** Nytt dette året var å skrive twitternovelle, ei novelle på 140/280 teikn.

Innbyding vart send til desse fire vidaregåande skulane: Kvaderaturen, Tangen, Vågsbygd og KKG, uavhengig av studieretning og klassesteg. Tema: Konflikt. Frist for innlevering var 15. desember, og det kom inn fjorten svar. 1. premie er på 1000 kr, 2. premie på 600 kr og 3. premie på 300 kr. Premiane vert delt ut på fellessamlingar på skulane.

Jury/novellekomité: Vibeke Lauritsen, Svein Slettan og Sylfest Lomheim med Ernst Håkon Jahr som varamedlem.

### **Mållagsdrifta.**

Gyldenløves gate 11 Eigedom AS har låneavtalar med Mållaget og BUL, og per 31.12.2019 hadde aksjeselskapet ei gjeld til Mållaget på kr 1 524 576. Mållaget har dette året teke ut kr 250 000,- i avdrag og og kr 65 105,-renter. Det er heilt naudsynt for drifta av laget at det kvart år kan takast ut pengar frå aksjeselskapet.

Til organisasjonssatsinga på Agder vedtok årsmøtet 2018 å løyve kr 250.000 i staden for kr 200 000 pga. justering for konsumprisindeksen.

Sidan 1.1.2014 har me kvart år har teke ut avdrag på lånet, og økonomien er ikkje så god lenger.

Organisasjonssatsinga fekk difor utbetalt 30 000 mindre enn tidlegare, altså kr 220 000 i desember.

Om Mållaget skal halde fram med stønaden til Mållaga på Agder vert ny årsmøtesak i 2021. Årsmøtet skal kvart femte år ha løyvinga til handsaming. (Inngå ny intensjonsavtale.)

**Kontordrifta:** Borghild Løver har vore dagleg leiar med ansvar for å skrive referat på styremøta.

### **Tiltaksliste i 2020:**

- Styret held kontakt med Avissenteret i Førde v/dagleg leiar, Kjell Ove Noreide, for vidare arbeid med læreplass for ein nynorskskrivande student i Fvn
- Halde fram med nynorsk skrivetevling i vgs skular i Kr.sand
- Halde fram med nynorskprosjekt på barneskular i Kr.sand
- Halde kontakt med barnehagar i Kr.sand ved opplesing og utlån av nynorskbøker

*Laget hadde 122 betalande medlemmer ved utgangen av 2019.*

Styret